

Innspel på høyring om kommuneplan

Område F12, Kleivane

Me skriv dette som grunneigarar på gnr. 32/5, 32/125 og 32/126. 32/5 var også med på å sende innspel som ligg til grunn for framlegget frå kommunen.

Me ser at det opprinnelige forslaget er noko omfattande, men meiner at kommunen sitt framlegg er for snevert. Kommunen legg i sitt framlegg fram til ein svært detaljert plan som gjev framtidig detaljplanlegging (reguleringsplan) av området sterke begrensingar. Dette er kanskje Samnanger kommune sin politikk, men frå andre liknande kommunar me har kjennskap til at dei har gjort opp til større områder i kommuneplan som seinare kan detaljregulerast av utbyggjarar.

I 2013 sökte me om dispensasjon frå kommuneplanen for tre hyttetomtar aust i området (sjå vedlagt kartskisse). Kommunen gjekk då inn for å gje løye både administrativt og **politisk**, og desse tomtane er i dag frådelt (32/125, 32/126 og 32/127). Me meiner at det er svært lite forutsigbart viss kommunen for 4 år sidan gjekk inn for at desse areala skulle nyttast til fritidsbustader, men at dei no ikkje kjem med i planen. Det er svært lite praktisk for hytteigarane at dei skal ligge i område som er sett av til LNF.

I områdevurderingen til kommunen er det beskrive at området nord for vegen er kupert og området sør for vegen er flatare. Dette er me ueinig i. Dei areala som er innanfor den gule (og til dels den blå figuren) på vedlagt kartskisse er like kupert både på oppsida og ned sida av vegen. Me meiner at areala innanfor den gule figuren eignar seg svært godt for fritidsbustader. Når det gjeld infrastruktur er det utbygd straumnett i området. Hyttene kan ikkje rekne å ha køyreveg, men området innanfor den skraverte figuren eignar seg godt for parkeringsareal. Sidan dette er eit rett strekke på vegen ser me ikkje noko i vegen for at vegvesenet vil godkjenne avkjøring her.

I vurdering for landskap og grønstruktur meiner me at kommunen har gjort ein riktig vurdering. Her er dei foreslåtte områda i Kvitingen svært mykje meir inngripande og noko som me er svært kritisk til.

NVE har utarbeid eit rasfarekart, og me veit at dette området kjem innanfor dette. Dette kartet har ein svært dårleg oppløysing og kan ikkje nyttast til å vurdere rasfaren så lokalt. I samband med byggjesøknad på 32/126 vart det bedt om eit vurdering av rasfaren. Legg ved notat som vart sendt inn i samband med dette.

Kommunen skriv at det går to private vegar inn i området. Sjølv om dette ikkje har noko innverknad på planarbeidet vil me påpeike at desse vegane er bygd av 32/5, men forslaget til kommunen løyser ikkje ut noko fritidsbustadområde for 32/5. Grunneigar på 32/3 har derfor nokre privatrettslage utfordringar her.

Vårt framlegg til endring av kommune sitt framlegg ligg vedlagt som ei kartskisse. Gul figur er innanfor det som gjeld min eigedom. Blå figur er på 32/3, men er berre eit framlegg i tilfelle areala må henge saman. Me har elles ikkje noko formeining om det blå arealet.

Me stiller gjerne til synfaring saman med kommuneplanleggarar for å gå gjennom vårt innspel.

Helsing

Kai Morten Kleivane, Kårstein Kleivane og Mons Ove Kleivane

Vedlegg

1. Kartskisse

2. Notat om skredfare med kartvedlegg